

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Vår dato: 14.04.2021  
Vår ref.: 201200009-68  
Arkiv: 511  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Thomas Mo Willig  
22959377/tmwi@nve.no

## Klageoversending på vedtak om utsett frist for idriftsetting av Vikna vindkraftverk

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) fatta den 14.01.2021 vedtak om utsett frist for idriftsetting av Vikna vindkraftverk i Nærøysund kommune, Trøndelag fylke.

NVE gav løyve til ein utsett frist for idriftsetting av vindkraftverket frå 31.12.2020 til 31.12.2021.

Vi har mottatt totalt to klager på vedtaket. NVE meiner alle klagene oppfyller vilkåra for klagerett i forvaltningslova kapittel VI. NVE har førebudd klagene i tråd med forvaltningslova § 33.

NVE kan ikkje sjå at klagene gir grunnlag for å endra vårt vedtak av 14.01.2021 om utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2020 til 31.12.2021. Klagene vert derfor sendt til Olje- og energidepartementet (OED) for endeleg avgjerd.

### Bakgrunn

NVE gav 03.07.2014 konsesjon til NTE Energi AS (NTE) for å bygga og driva Vikna vindkraftverk, med ein effekt på inntil 9 MW, i Nærøysund kommune. I det første konsesjonsvilkåret er det sett ein frist for idriftsetting av vindkraftverket innan 31.12.2020.

NTE søkte 19.10.2019 om utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2020 til 31.12.2024. NVE avslø søknaden den 06.07.2020. Vedtaket vart ikkje påklaga. NTE søkte den 06.11.2020 på nytt om utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2020 til 31.12.2021. NVE sendte søknaden på høyring 10.11.2020. NVE gav utsett frist for idriftsetting til 31.12.2021 i vedtak av 14.01.2021.

Vikna vindkraftverk er planlagt i same planområde som nå nedlagte Husfjellet vindkraftverk. Dei fem turbinane på Husfjellet vindkraftverk vart demontert og fjerna i 2015. I Nærøysund kommune er det to vindkraftverk i drift, Ytre Vikna trinn I (39,1 MW) og Hundhammerfjellet (55,5 MW).

I dette brevet har NVE samanfatta og kommentert klagene på vedtak av 14.01.2021.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



## Klagene

NVE har mottatt to klager på vedtak av 14.01.2021. NVE har i e-post av 10.03.2021 bedd om at klagarane gjer greie for om dei har rettsleg klageinteresse i saka.

Ståle Valø har i e-post av 10.03.2021 opplyst at han eig ein fritidseigedom like ved Husfjellet, gnr. 237/bnr. 48. I tillegg skriv han at han uttaler seg på vegne av svigerforeldra, som eig garden Melkarmoen. NVE legg til grunn at fritidseigedommen 237/48 ligg omtrent 850 meter unna det planlagde vindkraftverket. Etter ei konkret vurdering meiner NVE at Valø har rettsleg klageinteresse i saka, og at klaga kan handsamast. Ettersom Valø sjølv har rettsleg klageinteresse, meiner NVE det ikkje er naudsynt i tillegg å vurdere om svigerforeldra hans har rettsleg klageinteresse.

Knut Roger Eidshaug har i e-post av 15.03.2021 opplyst om at klaga «*inngis på vegne av vår tilsluttede interessegruppe Motvind Nærøysund og våre lokale medlemmer*». E-posten er signert på vegne av «*Motvind Norge og Motvind Nærøysund*». NVE viser til at klaga datert 03.02.2021 berre er sendt inn av Motvind Nærøysund. NVE viser til at Motvind Nærøysund ikkje er registrert i Enhetsregisteret, og at dei ikkje har lagt fram nærmare opplysningar om si eigen rettslege klageinteresse i saka. Motvind Norge v/Anne Baardvik har i e-post av 17.03.2021 lagt fram fullmakt om at Knut Roger Eidshaug kan klage på vegne av Motvind Norge i «*saker som angår vindkraftverk i Nærøysund kommune*». I dette konkrete tilfellet legg NVE derfor til grunn at Motvind Nærøysund har ei tilstrekkeleg nær tilknytning til Motvind Norge, og at klaga kan handsamast. NVE omtaler denne klaga som «*Motvind Nærøysund*».

NVE meiner begge klagarane har rettsleg klageinteresse, jf. fvl. § 28. Dei to sentrale klagepunkta er samanfatta under.

### *NVE si sakshandsaming*

Ståle Valø klagar på at NVE handsama søknaden om utsett frist for idriftsetting fordi den vart sendt inn seinare enn fristen på seks månadar som er vilkåret i anleggskonsesjonen.

Motvind Nærøysund meiner at NVE ikkje har heimel til å fatta eit vedtak om utsett frist for idriftsetting etter konsesjon har gått ut. Motvind skriv vidare at NVE sine interne forhold må reknast som ein del av sakshandsaminga, og at det stadfestar viktigheita av å overhalda konsesjonsvilkåret om søknadsfrist på seks månadar. Motvind Nærøysund meiner NVE ikkje har høve til å fatta vedtak for å retta opp interne feil.

### *Konsesjonsspørsmål*

Ståle Valø meiner reetablering av vindkraftverk på Husfjellet vil føra til redusert livskvalitet for bebuarar i nærleiken. Han skriv at det mellom 1991 til 2015 har vore konstant sus, knaking og skyggekastning frå vindkraftverket som har negativt påverka dei som bur i området. Ståle Valø meiner det ikkje stemmer at NTE berre skal bruka om att eksisterande områder, og meiner det vil bli store nye naturinngrep der det tidlegare berre var små inngrep.

### *Konsesjonærs kommentar til klagene*

NTE har i e-post av 25.02.2021 kome med kommentarar til dei innkomne klagene. NTE viser til at NVE avslo søknaden om utsett frist for idriftsetting til 2024 så seint som i juli 2020, og at det dermed ikkje var mogeleg å søkje på nytt innan den fastsette fristen. NTE meiner dermed at oversittinga av fristen ikkje kan lastast konsesjonæren.



NTE skriv at det blir utfordrande å halda alle støvfølsame bygningar rundt konsesjonsområdet utanfor gul støysone og at det truleg blir aktuelt med avbøtande tiltak for enkelte støymottakarar. Dei skriv vidare at støy og støyvilkår vil omtalast nærmare i MTA og detaljplan.

Dei skriv vidare at ingen bygningar sør for vindkraftverket vil bli vesentleg påverka av skuggekast, og at dette vil bli stadfesta når skuggekastberekningar føreligg.

NTE kommenterer at eksisterande vegar kan nyttast utan behov for større inngrep, men at retting av kurver og auka vegbreidde nokre plasser må påreknast grunna større turbinar. Dei skriv vidare at terrenginngrep og utviding av vegar vil bli omtalt i detalj i MTA-planen.

## **NVE si vurdering av klagen**

### *Innleiing*

NVE kan oppheva eller endra vedtak dersom NVE finn klagen grunnlagt, alternativt oversenda klagen til Olje- og energidepartementet for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33. Etter forvaltningslova § 33 andre ledd, skal NVE avvisa ein klage dersom vilkåra for å behandla klagen ikkje føreligg.

Deler av klagen til Ståle Valø er, etter NVEs vurdering, tema som var meir relevante i konsesjonshandsaminga eller handsaminga av MTA-/detaljplan. NVE har samanfatta alle klagen, men vil berre kommentera forhold som er relevante for vedtaket om utsett frist for idriftsetting og vår praksis i samband med slike vedtak. NVE kommenterer forhold som klagarane presenterer, og som ikkje tidlegare er vurdert, og forhold som vi meiner bør utdjupast nærmare.

### *Om utsett frist for idriftsetting*

I anleggskonsesjonar vert det sett vilkår om tidsfrist for når vindkraftverket må være ferdig bygga og satt i drift. I anleggskonsesjonen for Vikna vindkraftverk står det i vilkår 3 andre ledd:

*«Konsesjonæren kan søke om forlengelse av fristen for ferdigstilling, bygging og idriftsettelse. Slik søknad skal sendes senest seks måneder før utløpet av fristen.»*

Heimelen til å endra frist for idriftsetting følgjer altså av konsesjonen sjølv. I tillegg er det heimel til å endra vilkår i konsesjonar i energilova § 10-4:

*«I særlege tilfelle kan de fastsette vilkår endres av hensyn til allmenne interesser. Det skal tas hensyn til kostnadene en endring vil påføre konsesjonæren og de fordeler og ulemper endringen for øvrig vil medføre.»*

*«Endringer i vilkårene kan også foretas etter søknad fra konsesjonæren. Bestemmelsene i § 2-1 får anvendelse så langt de passer.»*

Sjølv om både anleggskonsesjonen og energilova § 10-4 gjev heimel til å innvilga søknad om fristutsetting, har ikkje konsesjonæren eit rettskrav på slik fristutsetting. Det er opp til forvaltninga sitt skjønn om ein slik søknad skal innvilgast. Dersom søknaden om fristutsetting ikkje blir innvilga, er det den opphavlege fristen i konsesjonen som blir ståande. Avslag på søknad om fristutsetting fører ikkje i seg sjølv til bortfall av konsesjonen.

Etter NVE si vurdering vil spørsmålet om utsett frist for idriftsetting i denne saka vera avgrensa til ei vurdering av fordeler og ulemper med sjølve fristutsettinga. Det vil sei fordelane og ulempene ved at



konsesjonæren får ein utsett frist for idriftsetting, og at vindkraftverket dermed kan byggast eitt år seinare enn den opphavlege løyva.

Fordelane med ei endring av fristen for idriftsetting er at prosjektet gis ein betre moglegheit til å kunne realiserast før avslutning av elsertifikatordninga i tråd med føresetnadane i konsesjonen. Ulempene med ei utsett frist er i all hovudsak at anleggsarbeid vil skje på eit seinare tidspunkt.

NVE viser til vårt brev 27.11.2019 der me gjer greie for praksis knyta til forlenging av idriftsetting av omsyn til føreseielegheit og likebehandling. I tråd med det politiske ynske om å legge til rette for landbasert vindkraft i Norge i samband med elsertifikatordninga, har NVE i dei fleste anleggskonsesjonar gitt frist for idriftsetting av nye kraftverk til utgangen av 2020 og 2021. Dagens fristar er knyta til avslutninga av elsertifikatordninga, som først hadde frist 31.12.2020, og seinare vart forlenga til 31.12.2021. Basert på dette har NVE hatt som praksis å gi forlenging av frist for idriftsetting til 31.12.2021.

*Om NVE hadde heimel til å handsame søknad om utsett frist for idriftsetting*

Fristen på seks månader i anleggskonsesjonens vilkår 3 andre ledd er satt av omsyn til ein forsvarleg sakshandsamingsprosess. For å sikre forsvarleg sakshandsaming, inkludert nødvendig høyring og saksutredning, må NVE ha rimeleg tid til å handsama søknaden. NVE meiner me hadde heimel til å handsama søknaden om utsett frist for idriftsetting, og me viser til vurderingane i vedtaket av 14.01.2021.

Med helsing

Inga Nordberg  
direktør

Erlend Bjerkestrand  
fungerande seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

Knut Roger Eidshaug  
NTE ENERGI AS  
STÅLE VALØ